



Notat

Dato: 02.05.2014
Arkivsak: 2014/240-7
Saksbehandlar: hilklep

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Bruk av Skyss sin betalingsapp: Skyss billett

På møte i samferdselsutvalet 19.03.14 stilte Aril Borgen spørsmål om Skyss sin betalingsapp for mobil og bruken av denne, er i tråd med Fylkestinget sin vedtekte prispolitikk, og om det er lovleg å handsama dei reisande ulikt utifrå korleis ein betalar for bruken av appen?

I budsjetthandsaminga for 2014 blei det vedteke at rabatt tilsvarande KontantSkyss-rabatten (som ein har hatt i fleire år) og skulle innførast for mobilbillett når betalinga finn stad via mobilkonto. Det inneber at det må leggjast inn ein sum på mobilkontoen som ein kan trekkja billettprisen frå. Dette blei gjort nettopp for å unngå ulik takst mellom dei som betalar med Skysskort og de som betalar med mobilkonto i Skyss Billett-appen.

Dersom ein betalar for einskildbillett med mobil, utan mobilkonto men direkte frå kredittkort eller via telefonabonnementet, vil ein ikkje få rabatt. Ein ser på dette på same måte som om ein kjøper ein billett via kort eller kontant på automat. Ein betalar full pris. Når ein betalar med kredittkort eller via telefonabonnementet vil Skyss få transaksjonskostnader ved kvart kjøp. Det får ein ikkje ved bruk av mobilkonto.

Det har vore regelen i kollektivtrafikken at dei som førehandsbetalar ved å kjøpa ulike former for kort får billetterabatt. Dette prinsippet er vidareført gjennom mobilkonto, og ein kan ikkje sjå at dette er i strid med gjeldande regelverk.

